



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 27.08.2014

Møtestad: Formannskapssalen

Møtetid: 16:00

Formannskapet hadde pause frå kl. 18:08 - 18:20.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Varamedlem
Ragnar Bratland	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Lars L Barstad	V

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr	Tittel
51/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
52/2014	Godkjenning av møtebok
53/2014	Referatsaker
54/2014	Aktuelle saker

- 55/2014 Orientering av rådmannen
- 56/2014 Økonomisk rapportering pr juni 2014
- 57/2014 KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma
- 58/2014 Høyring - framlegg til endringar i vallova og valforskrifta
- 59/2014 Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- 60/2014 Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland
- 61/2014 Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014
- 62/2014 Alternative lokalitetar for Meland kyrkjekontor
- 63/2014 Søknad om kjøp av tillegsareal til gbnr. 22/132

51/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang ettelyste tabelloversyn skatt på eige og inntekt.
Ved ein feil vart berre 1. sida sendt ut. Tabellen vil verte sent på e-post.

FS - 51/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

52/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 04.06.14 vert godkjent.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 52/2014 VEDTAK:

Møtebok frå møte 04.06.14 vert godkjent

53/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teken til orientering.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

Det låg føre berre eit skriv som referatsak. Ordførar meinte at det burde vore fleire skriv som skulle vore referert. Administrasjonen vil sjå nærmere på dette.

FS - 53/2014 VEDTAK:

Meldinga vert teken til orientering.

54/2014: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

27.08.2014 FORMANNSKAPET

Følgjande saker vart tekne opp:

Sigmund Larsen:

- Mail frå Lilleskare ang. Vikebø-saka - er påstander i skrivet rett?
- Ureiing i Rosslandsvågen i sommar - korleis vart dette handtert?
- Bekymringsmelding ang. ulukke på sjukeheim der ein pasient vart skadd.
Uroa over handteringen av dette. Må få plass kvalitets- og oppfølgingssystem.

Administrasjonen vil sjå på dette og kome med tilbakemelding.

Ordførar:

- Positivt at kommunen er ute av Robek-registeret.
- Rapport frå NHO nasjonal rangering. Meland ligg på topp i fylket, beste kommune i

Nordhordland og på 28. plass på landsbasis.

- Sak Nordhordlandspakken skal handsamast 9. og 10. desember. I Samferdselsutvalet skal saka opp 22. oktober.
Ekstramøte i kommunestyret 15. oktober.
- Møte med fylkesmannen og Kystverket 18. juni - tema seilingsleia til Berge.
Konklusjon invitere aktørane til kommunestyremøtet 10. september for informasjon om status prosjektet.
- Kommunestrukturprosessen - spørsmål frå staten er kor hurtig ønskjer ein å gå fram.
Kjem tilbake med sak i kommunestyret.
- Ordførar har delt ut miljøfyrtårnpris til Byggrengjøring AS.
- Frekhaug senter går ikkje i rett retning. Butikkar er lagt ned og senteret manglar off. toalett.
Vil ta initiativ til eit dialogmøte med senterforeninga i løpet av hausten.
- Minnar om folkemøte om kommuneplan 2014-2016 som skal haldast i alle krinsane framover.

Marit Jøssang:

- Etter nytt sak/arkivsystem så er det berre siste møte som ligg på nettsida til kommunen.
Ønskjer møtebøker frå tidlegare møte tilgjengelege.
- Etter at Rema flytta er det ikkje offentleg toalett i senteret.
- Krysset i Mjåtveitmarka deler sykkelstien. Halve vegen er stengt.
Det vart opplyst at tekn. etat arbeider med saka.

FS - 54/2014 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

55/2014: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om følgjande:

- Har bede om status for alle tenesteområde.

- Kontrollutvalet skal ha møte i september - skal ta opp sak om interontrollsystemet.
- Tilsett ny lønsmedarbeidar på økonomikontoret.
- Tilsett ny tenesteområdeleiar i Marihøna barnehage.
- Ny leiar NAV tek til i oktober.
- Dårleg tilbod til brukar på NAV grunna svært avgrensa opningstid i sommar.
- Inspektørstilling lyst ut på Grasdal skule.
- Kommuneoverlege Tord Moltumyr skal ha permisjon medio oktober 2014 til medio februar 2015.
- PPT er omgjort til eige tenesteområde. Skal rapportere direkte til rådmann. Vaksenopplæringa ikkje på plass enno.
- Sak om Kårbø kai vart anka frå Lagmannsretten. Saka skal opp i Högsteretten.

Det vart orientert om Kommunebarometeret 2014.

FS - 55/2014 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

56/2014: Økonomisk rapportering pr juni 2014

Rådmannen sitt framlegg:

Budsjettrapport med prognose pr juni 2014 vert teken til vitande

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 56/2014 VEDTAK:

Budsjettrapport med prognose pr juni 2014 vert teken til vitande.

57/2014: KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 57/2014 VEDTAK:

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

58/2014: Høyring - framlegg til endringar i vallova og valforskrifta

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Meland/valstyret viser til saksutgreiing og vurdering og ber Kommunal- og moderniseringssdepartementet merke seg dei innspela som er gitt. Det vert særleg vist til innspela som handlar om forkasta førehandsrøyster.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 58/2014 VEDTAK:

Formannskapet i Meland/valstyret viser til saksutgreiing og vurdering og ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet merke seg dei innspela som er gitt. Det vert særleg vist til innspela som handlar om forkasta førehandsrøyster.

59/2014: Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet i Meland påtaler at den regionale planen for attraktive senter i Hordland legg alt for sterke band på den kommunale handlefridomen og høvet til å styra den pågåande utviklinga på ein positiv måte. Det offentlege apparatet bør framstå som ein interessant samarbeidspart for utviklarar / næringsdrivande / innbyggjarar, men det oppnår ein ikkje gjennom denne regionale planen. Meland kommunen meiner det offentlege med dette stiller seg på sidelina i høve til å skape reell vekst, gode møtestader og utvikling av gode tenestetilbod. Formannskapet i Meland ber om at det blir gjort ein grundig gjennomgang av retningslinene og føresegnene, der ein tek ut dei faglege råda, og at planen blir omforma slik at kommunen får høve til å spele på lag med kreftene som påverker samfunnsutviklinga.»

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 59/2014 VEDTAK:

«Formannskapet i Meland påtaler at den regionale planen for attraktive senter i Hordland legg alt for sterke band på den kommunale handlefridomen og høvet til å styra den pågående utviklinga på ein positiv måte. Det offentlege apparatet bør framstå som ein interessant samarbeidspart for utviklarar / næringsdrivande / innbyggjarar, men det oppnår ein ikkje gjennom denne regionale planen. Meland kommunen meiner det offentlege med dette stiller seg på sidelina i høve til å skape reell vekst, gode møtestader og utvikling av gode tenestetilbod. Formannskapet i Meland ber om at det blir gjort ein grundig gjennomgang av retningslinene og føresegnene, der ein tek ut dei faglege råda, og at planen blir omforma slik at kommunen får høve til å spele på lag med kreftene som påverker samfunnsutviklinga.»

60/2014: Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland

Rådmannen sitt framlegg:

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 60/2014 VEDTAK:

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

61/2014: Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet tek oversikt over planar og utgriingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk og oversikt over private reguleringsplanar 2. halvår 2014 til orientering.»

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 61/2014 VEDTAK:

«Formannskapet tek oversikt over planar og utgriingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk og oversikt over private reguleringsplanar 2. halvår 2014 til orientering.»

62/2014: Alternative lokalitetar for Meland kyrkjekontor

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet godkjenner at det vert inngått leigeavtale med Lingjerde Eiendom AS, under dei vilkår som er det er gjort greie for i saka, og med føremål leige av kontorlokale for Meland kyrkjekontor. Årleg tilskotssum til kyrkja vert auka med kr 376 200 f.o.m. 2015. Finansiert over disposisjonsfondet vert det løyvd kr 62 700 til 2 mnd drift i 2014 og også løyvd kr 19 000 som eit eingangsbeløp til lydisolering av 3 cellekontor og eit møterom.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 62/2014 VEDTAK:

Formannskapet godkjenner at det vert inngått leigeavtale med Lingjerde Eiendom AS, under dei vilkår som er det er gjort greie for i saka, og med føremål leige av kontorlokale for Meland kyrkjekontor. Årleg tilskotssum til kyrkja vert auka med kr 376 200 f.o.m. 2015. Finansiert over disposisjonsfondet vert det løyvd kr 62 700 til 2 mnd drift i 2014 og også løyvd kr 19 000 som eit eingangsbeløp til lydisolering av 3 cellekontor og eit møterom.

63/2014: Søknad om kjøp av tillegsareal til gnr. 22/132

Rådmannen sitt framlegg:

1. Rega Pro AS får stetta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune. 2. Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. 3. Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisiktsoner ivaretakast. 4. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.

27.08.2014 FORMANNSKAPET

FS - 63/2014 VEDTAK:

1. Rega Pro AS får stetta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune.
2. Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast.
3. Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisiktsoner ivaretakast.
4. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.
